
Fra: Sigrun Wølstad <Sigrun.Wolstad@hfk.no>
Sendt: mandag 19. november 2018 13:10
Til: Asbjørn Nagell Toft
Kopi: Snorre Waage; Helene Moe
Emne: Kommuneplanens arealdel, Austrheim

Hei,
Visar til vår telefonsamtale fredag 16.11.18

For å få planen i mål og motsegn trekt må følgjande vere på plass:

1. Omsynssoner for bevaring kulturmiljø (H570) er ikkje kartfesta, omsynssoner må definerast og visast i plankartet.
2. Den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden (Askeladden id. 83830-4) er ikkje vist som omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730)

Punkt 1. Me har i tidlegare korrespondanse framheva områder som er av nasjonal- og regional interesse:

Me føreslår følgjande områder til omsynssone bevaring av kulturmiljø H570 (SOSI- kode):

- Den indre farleia H570_1, det kulturhistoriske landskapet innanfor omsynssona har nasjonal interesse. Større planar og tiltak som kan ha betydning for det samanhengande kulturlandskapsområdet skal sendas Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservator til uttale. <https://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-KULA>
- Gardshusa på Hopland gnr. 155, bnr. 15, Askeladden id 214591, H570_2
- Naust i Austrheimsvågen H570_3

Punkt 2.

- Austrheim kommune må inkludere området rundt mellomalderkyrkjegarden i kommuneplanens arealdel (KPA), slik det visast i dag er det berre den eldre reguleringsplanen (RP) som gjeld. Dette betyr ikkje at ein opphev den eldre reguleringsplanen, men at ein vidarefører reguleringsplanens formål i KPA . Slik vil KPAs § 1.1 komme til anvendelse. Ved motstrid vil kommuneplanen gjelde før RP og KPA vil utfyller den eldre reguleringsplaner der tema ikkje er handsama i reguleringsplan.
- Vidare må mellomalderkyrkjegarden på Austrheim visast som bandlagt område (SOSI- kode H730), Askeladden id 83830-4. Me visar i denne samanhengen til Riksantikvarens uttale, tidlegare fråsegn datert 14.06.2016 og 22.03.2018 samt e-post korrespondanse mellom Elizabeth Warren ved fylkeskonservator og Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar i Austrheim kommune, 16.01.2018 .

Me gjer merksam på at planen ikkje kan godkjennas før punkt 1. og 2. er på plass. Oppdatert kart må sendas til oss slik at motsegn kan trekkjast.

Venleg helsing

Sigrun Wølstad

Arkeolog-Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 96944535

www.hordaland.no